**9. klasse, Myklebust skule** **Grethe Ervik**

# Halvårsplan i samfunnsfag

Hausten 2020

Læreverk: Kosmos 9, John Harald Nomedal og Ståle Bråthen, Fagbokforlaget , Bergen 2007

<table>
<tr><th>V</th><th>Tema</th><th>Sidetal</th><th>Vurdering</th></tr>
<tr><td colspan="4">DEL 1: Geografi<br>Tverrfaglege emne: Berekraftig utvikling</td></tr>
<tr><td rowspan="2">34-<br>44</td><td colspan="2">Kapittel<br><br>1. Landskapa våre<br>2. Dei livsviktige naturressursane<br>3. Maten på landjorda<br>4. Matfatet i havet<br>5. Energikjeldene våre</td><td rowspan="2">Formell vurdering:<br>Lekseprøve<br>Debattinnlegg<br><br>Debatt/<br>prosjektoppgåve om vindmølleutbygging (kap 5)<br><br>Uformell vurdering:<br>Lekser<br>Skriftleg arbeid i klassen<br>Munnleg aktivitet i klassen<br>Gruppearbeid</td></tr>
<tr><td>Læringsmål:<br>Etter denne perioden skal du :<br><br>• Utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur<br>• Reflektere over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst<br>• Samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag</td><td>Kjenneteikn på måloppnåing:<br><br>• Du kan forklare omgrepa naturlandskap, kulturlandskap, forvitring, erosjon, ravine, V-dal, U-dal, nasjonalpark, allemannsrett, utmark, innmark, fornybar og ikkje-fornybar ressurs, berekraftig, befolkningseksplosjon,</td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | <br><br> | drivhuseffekt, sjølvbergingsjordbruk, nomade, jordbruksrevolusjon, blandingsjordbruk, økologisk jordbruk, genmodifisering, kontinentalsokkel, kvote, råvare, økonomiske soner, internasjonalt farvatn, fossil energi, sedimentære bergartar, sur nedbør, kjernekraft, radioaktivitet, vindmølle, bioenergi, enøk<br>• Du kan seie noko om korleis utvinning av ressursar må gjerast berekraftig og korleis kvar einskild av oss kan bidra til ei berekraftig utvikling<br>• Du må kunne seie noko om korleis landskapet i Noreg er, og korleis naturkreftene er med på å forme landskapet<br>• Du må kunne reflektere over ditt eige forbruk og konsekvensane av konsumet i industrilanda<br>• Du må kunne argumentere for og/eller mot bygging av vindmøller og grunngi svaret ditt | |

## 41 Haustferie

## Del 2: Samfunnsfag - Historie

## Tverrfagleg emne: Demokrati og medborgarskap

**I denne perioden vil vi ha ein student med oss som skal ha ansvar for ein del av opplegget.**

**43 - 2**

5. Politske institusjonar i Noreg og andre land
1. Frå union til sjølvstendig nasjon
2. Europa erobrar verda
3. Den første verdskrigen 1914-1918
4. Mellomkrigstida
5. Den andre verdskrigen
6. Krigen i Noreg
7. Samane

**Læringsmål:**

- vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår
- drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konfliktar og reflektere over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast

Kjenneteikn på måloppnåing:






**Formell vurdering:**
Gruppearbeid om valet i USA og presidentkandidatane

Fagsamtale om 1. og 2. verdskrigen- årsak, verknad, samanheng

Lyttetest
Lesetest

**Uformell vurdering:**
Lekser
Skriftleg arbeid i klassen
Munnleg aktivitet i klassen
Gruppearbeid

<table>
<tr>
<td></td>
<td>
<ul>
<li>utforske og beskrive korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har betydning for nasjonal politikk, livet til menneske, likestilling og likeverd</li>
<li>gjere greie for fornorsking av samane og dei nasjonale minoritetane og uretten dei har vore utsette for, og reflektere over kva konsekvensar det har hatt og har på individ- og samfunnsnivå</li>
</ul>

</td>
<td>
<ul>
<li>Du skal kjenne til maktfordelingsprinsippet og korleis det fungerer I USA</li>
<li>Du skal kunne reflektere over kva ordet “medborgarskap” betyr</li>
<li>Du skal kunne reflektere over omgrepet demokrati og kva det tyder i Noreg og i andre land</li>
<li>Du skal kunne kjenne til årsaker og verknadane av dei to store verdskrigane</li>
<li>Du skal kunne reflektere over Holocaust og ha eigne grunngivne meiningar om kvifor slike grufulle handlingar kan skje, og korleis vi kan hindre at liknande hendingar oppstår i framtida.</li>
</ul>
</td>
<td></td>
</tr>
<tr><td colspan="4">2021</td></tr>
<tr><td colspan="4">Project work: Film</td></tr>
<tr><td colspan="4">Vinterferie I veke 8</td></tr>
</table>

**Læreplanen sine kompetansemål i samfunnsdag etter 8.-10. årstrinn finn du her:**

https://www.udir.no/lk20/saf01-04/kompetansemaal-og-vurdering/kv147

---

# *Vurdering for læring:*

**Formell og uformell vurdering:**

Eleven vil gjennom kvar termin få **formell og uformell vurdering** av **grad av måloppnåing og utviklingsråd vidare** på alle desse områda, gjennom

- **Skriftleg vurdering** etter alle skriftlege og munnlege prøver, presentasjonar og innleveringar.
- **Munnleg vurdering** blir gitt i timar, fagsamtalar og elevsamtalar.
- **Eigenvurdering:** Eleven får også sjølv øving i å vurdere eigne tekstar og presentasjonar.
- I tillegg vil ein i **utviklingssamtalen samtale om**, samt opne for **diskusjon rundt elevens faglege utvikling**.

**Grad av måloppnåing:**

I vurderinga av eleven i høve til vurderingskriteria over, viser ein til nivå, utifrå grad av måloppnåing etter følgjande nasjonale standard.

- **Låg måloppnåing: Karakterane 1-2 (Svært låg – låg måloppnåing)**
- **Middels måloppnåing: Karakterane 3-4 (Nokså god – god måloppnåing)**
- **Høg måloppnåing: Karakterane 5-6 (Svært god – framifrå måloppnåing)**

**Skulle noko av dette framleis vere uklart, må de gjerne ta kontakt!**